Nynetsredaktør: **Carl Gunnar Gundersen**
Tlf. 51938922
Epost: carl.gunnar.gundersen@aftenbladet.no

Stavanger Papirlause innvandrarar i arbeid

Meiner Norge bryt menneske-rettane

➤ Norge bryt menneskerettane ved å nekte papirlause innvandrarar arbeid, meiner advokat Bent Endresen. Han trur **sympati er grunnen til at politiet lenge let vere å reagere,** og nå har lagt saka bort.

STAVANGER

Det er ikkje lov å gi arbeid til papirlause innvandrarar, seier Utlendingslova, men Arne Viste meiner Grunnlova er på hans side når han likevel gir dei jobb.

Arbeidsrettsadvokat Bent Endresen ved advokatfirmaet EBT, har hjelpt Viste i saka. Han meiner Norge bryt menneskerettane ved å nekte innvandrarar å jobbe

– Eg meiner Norge ikkje kan ta frå menneske moglegheita til arbeid og til å leve eit liv. Vi har ein situasjon der menneske i årevis har blitt behandla på ein umenneskeleg måte. Det er openbart konvensjonsstridig. På den eine sida skal Norge vere eit fyrtårn i menneskerettar, men på den andre sida bryt vi dei med overlegg. Det har politikarane sørgd for, seier Endresen.

Ferdig etterforska

Kvar gong Arne Viste tilset ein ny papirlaus innvandrar, melder han frå til politiet. Lenge kjempa han for å bli meld, slik at han kunne få ei rettsleg vurdering. I 2015 var svaret: «Politiet har besluttet å ikke opprette straffesak mot Plog AS. Dette begrunnes i at politiet ikke finner at det foreligger allmenne hensyn som krever påtale». To år seinare valde politiet å starte etterforsking, men onsdag denne veka kunne NRK melde at politiet har lagt saka bort.

At politiet venta lenge før dei starta etterforsking, meiner Endresen taler for at Viste har rett. Samtidig trur han sympati er grunnen til at politiet lenge unngjekk å ta i saka.

Papirlause innvandrarar

➤ «Papirlause» innvandrarar er **menneske som bur i Norge utan lovleg opphald.** Nokre manglar identitetspapir, men det gjeld ikkje alle.

➤ **Utan lovleg opphald** får ein ikkje personnummer, bankkonto, skattekort. Ein får heller ikkje jobbe og har berre krav på akutt helsehjelp.

➤ **Sidan dei ikkje er registrert,** er det vanskeleg å vite kor mange som bur i Norge utan opphaldsløyve. I 2010 anslo Statistisk sentralbyrå at det kan vere snakk om rundt 18.000 personar.

➤ **Ifølgje organisasjonen NOAS** er det mellom 3000 og 5000 ureturnerbare asylsøkarar, som av forskjellege årsaker ikkje kan reise til heimlandet.

Arbeidsrettsadvokat Bent Endresen.

– At dei legg den bort, stadfestar dette. Eg trur dei ser at det ikkje er snakk om å utnytte innvandrarar. Politiet ser nok at situasjonen for dei lengeverande asylsøkarane er uhaldbar, og eg trur dei let vere å slå ned på det fordi dei har sympati med handlinga hans, seier han.

Heilt til Strasbourg

Tidlegare kunne papirlause innvandrarar arbeide, sjølv etter endeleg avslag på søknaden. Innstrammingar i 2011 sette ein stoppar for dette, og fleire arbeidsgivarar fekk bot fordi dei nekta å seie opp innvandrarane. Mellom anna fekk eit firma frå Sola 300.000 i bot og Stavanger Universitetssjukehus måtte u: med 350.000. Viste venta at han og ville få bot då han tilsette den første, og han venta at det ville kome ein påtale frå politiet no.

– I staden slepper dei ballen og legg saka bort. Dei veit ikkje om det eg gjer er ulovleg eller ikkje og vel å ikkje straffe meg. Det betyr at eg vil fortsette å tilsette papirlause asylsøkjarar. Så får det i tilfelle bli ei politisk sak om Stortinget ønskjer å endre lovverket, seier Viste.

– Du har meld deg sjølv og fått saka lagt bort. Vurderer du å klage avgjerda inn for statsadvokaten for å få eikonkret vurdering av saka?

– Eg avventar situasjonen ein månads tid. Sjølv om det var ei gledelig hending at saka blei lagt bort, hadde eg jo helst sett at det var på grunn av eit ikkje straffbart forhold, ikkje på grunn av «bevisets stilling». Dersom fleire nå følgjer opp og tilset folk, meiner eg at eg har vunne saka. Dersom det dør hen, vil eg vurdere å gå til tingretten for å bli heilt reinvaska, seier Viste.

Han gjer det uansett klart at ein eventuell dom i norsk rettssvesen ikkje treng å bli siste ord i saka.

– Om eg først får rettssak, ankar eg heile vegen til Høgsterett. Taper eg i det norske rettssvesenet, gir eg meg ikkje før EMD (Den europeiske menneskerettsdomstolen i Strasbourg, journ.anm).

BIRGITTE FLOTE
birgitte.flote@aftenbladet.no

Tar Arne Viste feil, kan han i verste fall hamne i fengsel. Har han derimot rett, har norske myndigheiter store problem og politikarane har vedtatt ei grunnlovsstridig lov.
FOTO: PÅL CHRISTENSEN

Regelverket

➤ Utlendingslova §108: Strafferamme er bot eller fengsel inntil to år for:

➤ « a) forsettlig eller grovt uaktsomt gjør bruk av en utlendings arbeidskraft når utlendingen ikke har nødvendig tillatelse etter loven,

➤ b) forsettlig eller grovt uaktsomt formidler arbeid eller bolig for en utlending, eller utferdiger eller formidler erklæringer, tilsagn eller dokumenter til bruk for en sak etter loven, når forholdet innebærer en utilbørlig utnyttelse av utlendingens situasjon».

➤ Grunnlova § 110. «Dei statlege styresmaktene skal leggje til rette for at kvart arbeidsført menneske kan leve av arbeidet sitt eller næringsverksemda si. Den som ikkje sjølv kan forsyte seg, har rett til stønad frå det offentleg».

➤ FNs verdserklæring om menneskerettar § 23: «Enhver har rett til arbeid, til fritt valg av yrke, til rettferdige og gode arbeidsforhold og til beskyttelse mot arbeidsløshet.»

Arne Viste v il tilsette fleire papirlause et tter henlegging

➤ Papirlause innvandrarar over heile landet jobbar for Arne Viste. Målet er å doble talet tilsette før året er omme. For å klare det, har han alliert seg med ein tidlegare biskop.

STAVANGER

Arne Viste opnar døra til eit gammalt lager og går opp ei smal trapp. Han låser opp ein hengelås og går inn i eit rom fylt av gamle bøker. Her driv han bruktbok-nettbutikken pbok.no og bemanningsbyrået Plog AS, ei verksemd som fleire har omtala som ulovleg, men som politiet denne veka har bestemt seg for å la ligge.

Jungeltelegrafen

For å bli tilsett av Viste må du vere ikkje-returnerbar flyktning med endeleg avslag på asylsøknaden. Utlendingslova nektar desse å jobbe, men Viste meiner han har Grunnlova på si side når han likevel gir dei jobb.

Gjennom bemanningsbyrået leiger han ut dei tilsette til restaurantar, butikkar, organisasjonar eller andre kundar. Han har i dag 21 tilsette. Målet er 50 innan året er omme.

– Det har skjedd noko det siste halvåret. Eg merkar at fleire tør å ta risikoen, og eg er i dialog med fleire store aktørar. Ryktet verkar å ha spreidd seg blant dei ureturnerbare.

Eks-biskop i kulissene

Målet med å bli stor, har vore å tvinge norske myndigheiter til å ta stilling til verksemda. Etter at både politiet og UDI lot vere å anmelde verksemda, gjekk Plog AS sjølv til dette skrittet hausten 2016. Onsdag blei det klart at politiet har lagt saka bort ut frå bevisets stilling.

Telefonen ringer. Det er ein som vil ha arbeid. Viste snakkar ei stund før han legg på. Så ringer det igjen. Det gjeld ein solidaritetskonsert han arrangerer med Ole Paus.

– Eg opplever at eg har fått eit kall frå Gud. Og så har eg rettferdssans. Det er dei to tinga som driv meg, seier han.

I kulissene jobbar den tidlegare biskopen i Sør-Hålogaland, Tor B. Jørgensen. Han er i dag styreleiar i organisasjonen Mennesker i limbo, som Viste har fått med på laget.

– Eg kontaktar interesseorganisasjonar og kyrkjeleg orienterte organisasjonar, og ber å samarbeide for å få dei papirlause i arbeid. Enkelte er på gli, men mange er framleis tilbakehaldne. Mange seier dei kan tenke seg å støtte det, men viser til dei vanskelege juridiske sidene ved dette. Det interessante med denne saka, er at Viste vel å ta på seg ansvaret for alle arbeidsgivarane, seier Jørgensen. No har han kontakta alle biskopane, men foreløpig ikkje fått tilbakemelding. I neste omgang er planen å kontakte kyrkjeverjer i kommunar han trur kan vere interesserte. Deretter tek han fatt på det private næringslivet.

I grenseland

Verksemda har foreløpig ikkje blitt stor nok til å gi levedyktig inntekt. I tillegg til å vere arbeidsgivar og opprørar, er Viste delvis permittert og på dagpengar. Mykje står på spel.

– Eg gjer dette med opne auge. I verste fall kan eg hamne i fengsel. Eller eg kan miste hus og heim, seier han.

– Utset du dei tilsette for ein risiko?

– Utlendingslova har paragrafar som går både på arbeidsgivar og arbeidstakar, men det gjer meg rolegare at de: i tidlegare saker er arbeidsgivar ein har gått etter. Men eg speler med opne kort, og seier til både kundar og tilsette at vi faktisk ikkje veit om det er lovleg.

Verksemda byr på mange utfordringar. Å betale skatt har vist seg vanskeleg, men heller ikkje umogleg, viser dokumentasjon frå Skatt Vest. Sjølv om Viste sjølv har gode intensjonar, innrømmer han at det er vanskeleg å kvalitetssikre kundane.

– Det meste av kontakten eg har med dei er via mail, og eg har ikkje hatt tid til å reise rundt og sjå kor dei tilsette jobbar. I vår var det seks konkursar i bedrifter eg leigde ut til, og for fleire av desse hadde eg hatt problem med å få kontakt. Dei svara ikkje når eg sendte mail, seier han.

– Der er ein risiko for at ikkje alt er godt nok. Ei utfordring er å betale ut lønn til personar som ikkje har rett på bankkonto. Då ber eg dei finne ein ven som dei stoler på, og somme gongar er det sjefen. Då er det vanskeleg for meg å vite om sjefen tar noko sjølv. Men sett at dette skjer, vil inntekta uansett vere eit stort sprang frå den økonomiske situasjonen dei ureturnerbare flyktningane har i dag. Dei lever under uverdige forhold.

BIRGITTE FLOTE
STEIN HALVOR JUPSKÅS

– Klart det er forbode, seier Listhaug

STAVANGER

Innvandrings- og integreringsminister Sylvi Listhaug seier det ikkje er tvil om at ein må ha arbeidstillating for å jobbe i Norge.

Sylvi Listhaug

Den konkrete saka i Stavanger vil ho ikkje kommentere. I ein e-post til Aftenbladet skriv statsråden.

– Eg kan sjølvsagt ikkje kommentere enkeltsaker, men det er klart det er forbode å jobbe utan arbeidstillating i Norge. Skulle vi endre på dette, vil det sende signal om at det er fritt fram å kome til Norge og jobbe, uavhengig av om du har lov til å vere her. Det vil i praksis bety opne grenser for arbeidsinnvandring frå heile verda, og det er ikkje noko vi kan akseptere, seier Listhaug.

Arne Viste meiner på si side at Stortinget har vedtatt ei lov stikk i strid med Grunnlova. Staten skal legge til rette for at «kvart arbeidsført menneske kan leve av arbeidet sitt eller næringsverksemda si», heiter det der.

– Eit menneske, står det, ikkje ein borgar. Dermed må det vel gjelde alle menneske, også migrantar utan opphaldsløyve, seier Viste.

Å nekte innvandrarar arbeid, er dessutan i strid med menneskerettane, meiner advokat Bent Endresen.

Justis- og beredskapsdepartementet skriv følgjande i ein e-post til Aftenbladet: «Grunnloven §110 og internasjonale konvensjoner gir ikkje den enkelte noen ubetinget rett til arbeid. Det gjelder også for personer uten oppholdstillatelse».

I 2013 sendte Arne Viste eit brev til departementet der han bad om svar på dette. Då svara dei at det er riktig at myndigheitene må arbeide for moglegheit til inntektsgivande arbeid, men at det må tolkast meir som ei programerklæring.

Viste har også konfrontert politiet med Grunnlova. I eit brev svarer dei: «Politiet kan ikke inngå i en polemikk om teoretiske problemstillinger ut fra grunnlovsbetraktninger og menneskerettslov slik du tar opp i diverse mailer. Politiet forholdet seg til utlendingsloven og den lovsystematikk, herarkk og orden som fremgår der».

Viste meiner politiet overser både Grunnlov og menneskerettar når dei seier dette. Han har også bedt UDI svare på det same i ein søknad om arbeidsløyve. men i svaret frå UDI kommenterer dei ikkje dette.

BIRGITTE FLOTE
birgitte.flote@aftenbladet.no

Kan likevel være straffbart

STAVANGER

– At saken henlegges på bevisets grunnlag er ikke det samme som å si at det ikke er i strid med loven å ha mennesker uten arbeidstillatelse i arbeid.

Dette sier politiadvokat Kristoffer B. Johannessen. Johannessen, som er fungerende driftsenhetsleder i Felles enhet for utlending og forvalting i Sør-Vest politidistrikt, understreker overfor Aftenbladet at han ikke kan kommentere henleggelsen av saken mot Arne Viste. Like fullt advarer han folk mot å tro at henleggelsen betyr at det er fritt frem å ha mennesker uten arbeidstillatelse i arbeid.

– På generelt grunnlag kan jeg si at hver sak er ulik og vurderes ut fra bevisene som foreligger. Det er bevisene i en sak som danner grunnlaget for påtaleavgjørelsen, enten det ender med tiltale eller henleggelse, sier politiadvokaten.

Unikt

Både politiadvokat Ketil Remman, som denne uka henla saken mot Viste, og Leif Ole Tønnes, som er driftsenhetsleder i Felles enhet for utlending og forvalting i Sør-Vest politidistrikt, er på ferie og av den utilgjengelige for kommentarer.

– Det er straffbart å ansette mennesker som ikke har arbeidstillatelse. Det forholder Sør-Vest politidistrikt seg til, sier Johannessen.

– Hvordan kan politiet henlegge en sak på bevisets stilling når Viste selv legger bevisene frem?

– Som sagt kan jeg ikke kommentere denne enkeltsaken. Hver sak er ulik, sier han.

– Har Sør-Vest politidistrikt jobbet med liknende saker?

– Meg bekjent er det unikt at en mann anmelder seg selv for et slikt forhold, men sakstypen er ikke unik, sier den fungerende driftslederen til Aftenbladet.

Kan påklages

I henleggelsen peker politiadvokat Ketil Remman på at beviskravene er strenge for å kunne treffe en påtaleavgjørelse som innstiller på straff. I dette tilfellet ville det vært snakk om foretaksstraff mot et firma i form av et forelegg.

«Etter en helhetsvurdering av bevisene i saken finner en ikke bevist ut over enhver rimelig tvil at Plog AS forsettlig eller uaktsomt har gjort bruk av arbeidskraften til utlendinger som ikke har nødvendig tillatelse til arbeid», skriver den påtaleansvarlige juristen i henleggelsen. Henleggelsesavgjørelser kan påklages til statsadvokaten i Rogaland.

CORNELIUS MUNKVIK